

ÅRSMELDING FOR FRILUFTSFORENINGA VOLDA - 2018

1. Styret

Leiar: Runa Bakke
Nestleiar: Therese Moltudal
Kasserar: Ingunn Arnesen
Styremedlem: Sonja Håvik
Styremedlem: Cecilie Åmås

1.vara: Bjørg Flø
2.vara: Kristin Bakke

Det har blitt halde eitt styremøte. Styret har elles hatt kontakt på e-post, telefon og på eiga facebookgruppe.

Valnemnd:

Aud Fagervoll
Sylvi Fossheim

Forretningsfører: SpareBank 1 Regnskapshuset SMN

Årsmøte: Styret har vedtatt at årsmøtet skal haldast innan 31.mars. Vedtektene bør endrast slik at dei er i samsvar med dette.

2. Medlemar

Talet på medlemar var 270 pr. 31.12.18 (familiemedlemskap), om lag det same som sist år.

3. Utstyr

Foreninga har mykje utstyr som medlemar kan låne utan kostnad. Det er oversikt over utstyret på heimesida. Kajakkane ligg hjå Lüthcke Lied og Cecile Åmås i Volda, skeiser og snowboard m/sko hos Koen/Lundberg, lavvo m.m. hos Runa Bakke, og noko anna utstyr til barnefamiljar/familieaktivitetar er lagra hjå private..

Vi har ikkje god nok lagringsordning, noko som kan vere til hinder for utlån.

4. Aktivitetar

Skogsmulle har ikkje vore på oppdrag i 2018

Alle aktivitetane under, er omtala på [heimesida](#).

Mandagsturar

Det var ein ganske fin vårsesong, men hausten var våt og også nokså kjølig. I alt har 44 personar vore med på 14 turar. 3 av turane har hatt 21 deltakarar, medan vi på det færraste har vore 3 personar. Men uansett kor mange vi har vore, har vi hatt det kjekt på tur. Vi har hatt turar i Volda (2), Ørsta (5), Herøy (1), Sande (2), Ulstein (2), Hareid (1), Hornindal (1)

Dameskikveldar

Ein flott skisesong i 2018. Det var dameski 13 gongar! Heile 89 damer var innom, frå ein gong til mange

Haustattur 24.-26. august til Lom

Haustatturen i år gjekk til Lom. Vi overnatta på Andvord gard. Koseleg plass med triveleg vertskap. Laurdag gjekk vi til Lomseggen og Eggjapiken, og søndag tok vi turen til Tronoberget. 13 var med på turen i år og alle var samde om at det var ein gild tur. [Turomtale på heimesida](#)

Barneturlaget

Det har vore mykje fokus på Stadionparken i år, men vi har også hatt/samarbeidd om ein del andre arrangement: 50-årsfering på Volda skisenter, natursti ved opning av Stadionparken, turbingo i Hjartåbygda og fakkeltog til tenning av stjerna i Kalsethola. Det har også i 2018 blitt arrangert barneskikøyring på familietrekket på Volda skisenter for dei aller minste borna. Eit svært populært tiltak!

På fb- og heimesida publiserer vi også andre sine arrangement som vi trur kan vere av interesse.

Turbøker

Friluftsforeninga har ansvar for ein del av turbøkene. Det er oppretta ei fb-gruppe der ein kan varsle om bøker som er klare til utskifting.

Volda turorientering

I år var det sjette og siste sesong med turorientering. Frå 2019 vil vi i staden samarbeide med Volda kommune om StikkUT!

Det vart plassert ut 40 postar rundt omkring i Volda der 13 av dei var tilrettelagde for rørslehindra. I 2018 var det også mogleg å delta via den digitale løysinga gjesteboka.no (app og nettside). Dette vart godt mottatt.

Totalt deltok 285 personar. Av dei 108 som har levert klippekort eller deltok på gjesteboka, har 5 personar tatt alle postane. 74 har tatt 10 postar eller meir og fekk diplom. 18 har deltatt på turorientering minst 5 år og fekk plakett.

Ei lita gruppe har organisert tilbodet. I tillegg er mange med på å legge ut og ta inn postar. Sesongen er frå mai til oktober. Furene trykte kart og Hamna dagsenter pakka konvoluttar, som før. Også i år kjøpt utført oppdrag av dagsenteret! Volda turorientering har eiga facebookgruppe.

Kajakk

Det har ikkje vore organiserte kajakkaktivitetar.

Kajakkaktivitetar er variable frå år til år, men Herøy kajakkklubb er ein aktiv klubb som mange på Søre Sunnmøre nyttar seg av og som vi også har eit uformelt samarbeid med. Vi bør ha som målsetjing å arrangere eit kajakkurs i basseng pr. år med ekstern instruktør. (samarbeid med Herøy kajakkklubb)

5. Anna

Morotur

Alle kan legge inn turar på morotur.no, men FFV har ansvar for m.a. opplæring og motivering for å legge inn turar på www.morotur.no. FFV v/Runa Bakke har fått redigeringstilgang til turar som er registrerte i Volda kommune. Nettsida skal fornyast i 2019

Pr. 31.12.18 er 52 turar registrerte i Volda kommune, ein auke på 3 frå i fjor, men her er potensiale for mange fleire.

Det vart ikkje gitt opplæring i GPS og morotur i 2018. Det er aktuelt å gjere dette i samarbeid med Volda kommune/StikkUT i 2019. Alle turane i StikkUT skal vere loggført på morotur

Stadionparken

Det har vorte lagt ned mange dugnadstimar i aktivitetsparken ved Volda stadion (Stadionparken). Parken er stort sett ferdig og er flittig brukt. Treningsområda som FFV har ansvar for er populære. Parken vart opna 10.09.18 Sparebanken Møre si jubileumsgåve på kr. 175.000 gjekk til stadionparken! Midlane skal gå til gapahuk og grill.

Merking av stiar

I 2018 vart det etablert ei gruppe som vil merke turstiar i Volda. Det har vore stor interesse for å delta i dette arbeidet, og ein heil del stiar er merka. Merkinga foregår i tett samarbeid med Volda kommune, og Hamna dagsenter og Styrk lagar merkepinnar for oss.

Vi mottok kr. 10.000 frå sparebanken Møre til merkeutstyr.

Voldadagane

FFV deltok ikkje med stand på Voldadagane 2018 (arr.: Volda næringsforum). Bør vurdere deltaking i 2019

6. Heimeside/sosiale medier

Friluftsforeninga Volda har hatt heimeside sidan 2006. Namnet på sida er www.friluftsforeninga.no. Her blir det mellom anna lagt ut bilete, omtale og informasjon om arrangement. (nettsida har i februar -19 fått sikker pålogging (SSL-sertifikat) og personvernerklæring (GDPR))

Facebook:

Friluftsforeninga, Barneturlaget og Volda turorientering har grupper på facebook. Friluftsforeninga har no over 870 medlemar, barneturlaget om lag 970 og Volda turorientering kring 600 medlemmer. Ein solid auke frå i fjor! Nokre av dei som er med i desse gruppene er ikkje medlemar i FFV. Men dette er ein fin måte å gjere aktivitetane i Friluftsforeninga kjende på og til å rekruttere nye medlemar.

FFV har konto på **Instagram** og **Twitter**.

7. Økonomi

Økonomien i laget er god. Turorienteringa går med overskot og er sjølvfinansierande.

Stadionparken er eit viktig økonomisk løft og det må setjast av midlar til vedlikehald.

FFV v/barneturlaget er testamentsarvingar i eit arveoppgjer frå 2016. Arveoppgjeret vart avgjort i Søre Sunnmøre tingrett i oktober 2018 og FFV har arva eit betydeleg beløp. Endeleg oppgjer er forventa først tertial 2019

8. Oppsummering

Det har vore god oppslutnad om alle aktivitetane.

Kjerneaktivitetane er mandagsturar, skidamer, hausttur, turorientering og barneturlaget sine aktivitetar. Vedlikehald av treningsområda i Stadionparken vil også vere viktig framover.

Arv: Det blir viktig å forvalte arven på ein god måte, i samsvar med Magne Haugen sine ønske

Styret i Friluftsforeninga Volda, 01.03.2019

Runa Bakke
leiar (sign.)

Therese Moltudal
nestleiar (sign.)

Ingunn Arnesen
kasserar (sign.)

Cecilie Åmås
Styremedlem (sign.)

Sonja Håvik
styremedlem (sign.)